



N  
J  
O  
R  
D  
F

SIS  
FORDE - NAUSTDAL - FLORA  
GAULAR - JØLSTER



SOGN REGIONRÅD

Vestland fylkeskommune

7. mai 2020

## **Samarbeidsavtale mellom regionråda og Vestland fylkeskommune**

Regionråda i Sogn og Fjordane har gjennom ei årrekke hatt samarbeidsavtale med fylkeskommunen. Dei siste avtalane var toårige og varte ut 2019.

Regionråda byggjer nettverk og samhandlingsarenaer, og skaper oppslutnad om felles regionale utviklingsprosesser. Dermed når vi lokale, regionale og fylkesfemnande mål.

Kommunane løyver årleg midlar til utviklingsarbeid i regionråda og legg ned stor felles innsats for regional utvikling. I tillegg til kontigentmidlane kjem kommunane sin eigeninnsats i eit mangfold av prosjekt og utviklingstiltak. Fram til årsskiftet løvvde Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom samarbeidsavtalen kr 500 000 årleg til kvart regionråd. For regionråda er dette nødvendige tilskot til regionalt utviklingsarbeid.

Vi har høgt ambisjonsnivå. Kommunereform og regionreform har ikkje ført til at vi har redusert på aktivitetsnivået. Tvert imot har vi fleire samarbeidsprosjekt som vi er godt i gang med som til dømes bustadutvikling, reiselivsprosjekt, integrering, entreprenørskap, profilering, rekruttering og kompetanseheving. Når regionråda gyy laus på endå større utfordringar, vonar vi fylkeskommunen vil støtta tilsvarende opp om ambisjonsnivået og finne rom for medfinansiering.

Utan midlar frå fylkeskommunen vil utviklingsarbeidet i regionråda få eit tilbakeslag som er større enn desse midlane skulle tilseie. Kommuneøkonomien varierer og ekstern støtte motiverer og er svært viktig for finansieringa.

Vestland fylkeskommune ønsker sterke regionråd. Vi er positive til å delta i ein fellesprosess for å utvikla samhandlinga mellom regionråda og fylkeskommunen. Nokre regionråd i det nye fylket har alt starta drøfting av felles interesser og samarbeid med naboregionar. Om dette inneber endring i regionrådsstruktur vil prosessen vise.

Dei regionale utviklingsmidlane som samarbeidsavtalen har utløyst er avgjerande for å gjennomføra prosjekt og tiltak. Samarbeidsavtalane for regionråda i Sogn og Fjordane var for to år (2018-2019), medan dei for regionråda i Hordaland er treårige og varer ut 2020. Vårt innspeil til fylkeskommunen er i denne omgang å forlenga avtalane for regionråda i Sogn og Fjordane i eitt år slik at avtalane for alle regionråda i Vestland varer like lenge (ut 2020).

Vi vonar Vestland fylkeskommune stiller seg positive til å vidareføra samarbeidsavtalen og slik sikra handlingsrom for utviklingsarbeid også året vi er inne i.

Vi ser fram til nærmere dialog om avtale og vidare samarbeid for utvikling og vekst i heile Vestland.

Med helsing

Hallvard Oppedal  
leiar  
HAFS regionråd

Alfred Bjørlo  
leiar  
Nordfjordrådet

Olve Grotle  
leiar  
Samarbeidsrådet i Sunnfjord

Ivar Kvalen  
leiar  
Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.*